Sykkylven
vidaregåande skule




Helse- og oppvekstfag





Utdanningstilbodet ved vår skule:



Kvifor skal du velje yrkesfag?

- Du blir attraktiv for arbeidsgivarar i både privat og offentleg sektor, og kjem raskt ut i jobb.
- Du får lønn under utdanning.
- Du blir god til å løyse problem, og til å arbeide sjølvstendig.

Kvifor skal du velje helse- og oppvekstfag ved vår skule?

- Oversiktleg miljø der kvar elev blir sett og tatt vare på.
- Du får arbeide med menneske i ulike fasar av livet.
- Du får ein god kombinasjon av teoretisk og praktisk undervisning.
- Du får vere ei viktig brikke i andre sine liv, og gjere ein forskjell.
- Vi har praksisplassar som viser stor interesse for at du skal trivast og utvikle deg.
- Lett å få jobb, bransjen har eit stort behov for deg i framtida!
- Du kan velje mellom fleire spanande lærefag vidare.



Visste du at...
Ved vår skule får du meir tid i praksis samanlikna med andre skular? Dette gjer våre elevar ekstra godt rusta for arbeidslivet!



Sykkylven vidaregåande skule

I hjartet av skapargledebygda finn vi Sykkylven vidaregåande skule. Her møter vi engasjerte og oppdaterte lærarar som legg til rette for god læring, trivsel og meistring. Med omlag 250 elevar er vi akkurat passe stor; liten nok til eit inkluderande fellesskap, men også stor nok til mangfald. Skulen har fleire varierte utdanningsprogram innan studiespesialisering, helse- og oppvekstfag, teknologi- og industrifag, samt elektro og datateknologi.

Vi nyt også godt av å halde til i ei vakker bygd med eit innovativt næringsliv som raust deler sin høge kompetanse med våre elevar. Vi tek elevane på alvor. Vi har ein solid lærarstab som ser kvar enkelt elev, og eit velutstyrt bygg med alt frå moderne naturfagslabbar til robotar. Sykkylven VGS; ein skule i tida - og for framtida.

PS! Har du reiselopper? Kvart år sender skulen fleire elevgrupper ut i verda for å jobbe med spanande prosjekt i lag med ungdommar frå andre land. Dei besøker også oss, og dermed får vi god tid til å knyte vennskapsband og skape minne for livet. Ved Sykkylven vidaregåande skule er vi gjestfrie og eventyrlystne, og vi har utvekslingstilbod på alle linjene.

For å følge med på kvardagen vår, lik oss på facebook!
facebook.com/sykvgs

Sykkylven vidaregåande skule, Kyrkjevegen 6, 6230 Sykkylven | sykkylven.vgs.no | tlf: 712 82 200